

# Kommunal planstrategi for Fyresdal 2016 -2020

## 1. INNLEDNING/OM PLANPROSESSEN

### Styrt utvikling gjennom planlegging

Formålet med planstrategi er å tilretteleggja for politisk styrt utvikling. Planstrategien skal sikra ei planlegging som er tilpassa behovet, og vera eit verktøy til å vurdera kommunen sitt plansystem og tilgjengelege/ønskjelege planressursar.

Plan- og bygningslova pålegg kommunane å utarbeida ein planstrategi seinast eitt år etter konstituering av det nye kommunestyret. Planstrategien skal vidare bygge opp under hovudmåla i kommuneplanen og strategiske val knytt til samfunnsutviklinga. Behovet for rullering av kommuneplanen skal vurderast spesielt.

Det skal leggjast til rettes for medverknad i prosessen, og forslaget til planstrategi skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si godkjenning.

### Ikkje ein plan


Planstrategien er ikkje ei plan og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar. Kommunestyret kan kva tid som helst i valperioden ta planstrategien opp til ny vurdering.

Planstrategien erstattar kravet til rullering av kommuneplanen som låg i den tidlegare plan- og bygningslova.

### Nasjonale forventningar

Plan- og bygningslova set også krav til at staten kvart fjerde år utarbeida eit dokument med nasjonale forventningar som skal vera retningsgjevande for arbeidet med den kommunale planstrategien. Nasjonale forventningar vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12.juni 2015.

### Planhierarkiet



## **2. Overordna føringer som har verknad for planbehovet**

### **2.1 Nasjonale forventingar**

Desse er formidla i *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (kgl. res. 12. juni 2015)*

Dokumentet er delt inn i 3 bolkar, fyrste delen handlar om gode og effektive planprosessar, andre delen om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt og tredje delen om planlegging for attraktive og klimavenlege by- og tettstادområde spesielt.

### **2.2 Regionale planar og føringer**

Dei mest sentrale av desse for arbeidet med kommunal planstrategi i Fyresdal ligg i:

*Bærekraftige Telemark, regional planstrategi 2012 -2016 (Telemark fylkeskommune)*

*Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder (Telemark fylkeskommune)*

*Regional plan for oppvekst og kompetanse (Telemark fylkeskommune)*

*ATP Telemark 2015-2025(Telemark fylkeskommune)*

*Trafikktryggleiksplan (Telemark fylkeskommune)*

*Landbruks- og matmelding for Telemark (Telemark fylkeskommune)*

*Regional plan for Setesdalheiene, Heiplanen (Telemark fylkeskommune)*

*Regional plan for nyskaping og næringsutvikling (Telemark fylkeskommune 15.06.2011)*

*Regional plan for reiseliv og opplevelser (Telemark fylkeskommune 15.06.2011)*

*Strategiplan for idrett og friluftsliv 2011-14(Telemark fylkeskommune, under revidering)*

*Regional folkehelsestrategi 2012-2016 (Telemark fylkeskommune)*

### **2.3 Interkommunalt plansamarbeid**

Dette vil for Fyresdal kommune være tale om arbeid i regionrådet for Vest-Telemark. Viktige planar som er vedteke her er:

*Strategisk næringsplan for Vest-Telemark*

*Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark*

*Felles IKT-strategi for Vest-Telemark.*


## **3. Utviklingstrekk og utfordringar**

Når ein vurderar planbehovet for dei neste fire åra er det viktig å sjå på dei utfordringane kommunen står framfor, som arbeidsgjevar, tenesteytar og som samfunnsutviklar.


### **3.1 Bustadbygging og folketalsutvikling**

Vekst i innbyggjartalet er ynskjeleg for ei positiv utvikling i kommunen. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sagt at ein vil: *Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.*

## Demografi




Folketalet i Fyresdal er ved utgangen av 1. kvartal 2016 1335, folketalet har gått ned med 19 siden 2000, men det har vore vekst etter 3. kvartal 2014.




Fyresdal har hatt underskot på fødslar, men har hatt netto innflytting i 2014 og 2015. Innvandring har mykje redusera nedgangen i folketalet. For Norge har netto innvandring variert mykje, men er no synkande. Med ei slik utvikling kan det bli vanskelegare å oppnå vekst i folketalet for alle kommunar i Noreg.

## 3.2 Arbeidsplassar

## Arbeidsplasser




Arbeidsplasser i Fyresdal




Arbeidsplassutvikling indeksert

Det er færre arbeidsplassar i næringslivet på slutten av 2014 enn det var i 2000.  
Det har vore ein nedgang på 2,9 % i tal på arbeidsplassar i Fyresdal



Det er stadig meir pendling både inn og ut av kommunen. Denne gjeng i mange retningar og det er mykje langpendling. Ein del er oljerelatera og kan bli påverka av nedgangen i denne sektoren.




Antall som pendler ut av Fyresdal


I tillegg er Fyresdal kommune ein relativt isolert kommune, kommunen har den minst gunstige geografiske plassering i Telemark. Det tyder at utvikling av arbeidsplassar er viktig for folketalet. Fyresdal er rangera som nr. 275 av 428 kommunar i arbeidsmarknad-integrasjon.

### Attraktivitet

Telemarksforskning nyttar denne pyramiden for å syne fleire viktige områder som heng saman med attraktivitet. For å få utvikling i ein kommune er det viktig å sjå heilskapen mellom bedriftsutvikling, besök og busetting.



Statistikk frå Telemarksforskning syner at Fyresdal har vore ein attraktiv bustad kommune etter 2000, det har styrka flyttinga og ført til ein redusert nedgang i folketal tilsvarende 4,2 %. Låg arbeidsplassvekst har ført til tapt innflytting på -3,2%, mens ugunstig struktur utgjer -6,8.




#### *Drivkrefter for relativ nettoflytting 2001-2014*

Fyresdal har ugunstige strukturelle tilhøve og treng då god arbeidsplassvekst og bustadattraktivitet. Det har vore svak arbeidsplassvekst og fødselsunderskot. Fyresdal er ein liten kommune langt frå dei store arbeidsmarknadene. Mange av bedriftene er i bransjar som har nedgang. Fyresdal har vore ein attraktiv kommune som bustad og for næringsliv i perioden 2000 -2014. Men det er potensial for høgare attraktivitet og det er også naudsynt om det skal bli vekst i folketallet.


Som arbeidsgjevar er Fyresdal kommune avhengig av god tilgang på relevant kompetanse. Då tenestene vert meir utvikla, blir det stilt høgare krav til utdanning enn tidlegare. Om folk med rett kompetanse skal flytte til kommunen må det og vere mogeleg for eventuell ektefelle/sambuar å få jobb. Det er då og viktig med attraktive bustader/bustadtomter samt gode barnehage-, skule-, kultur- og helsetenester i kommunen. Det kan også være at tilflyttarar er interessert i småbruk eller gardsbruk.

Telemarksforskning nyttar 4 kategoriar av attraktivitetsfaktorar



Må ha                                    X-faktor

Desse kategoriane kan ha ulikt innhald etter som kva for attraktivitet ein talar om



**Det er endring som påverkar attraktiviteten, nivå har ikke så mykje å seie, då er det kommunen sin evne til endring som er nykkelfaktoren.**

### 3.4 Næringsliv og næringsarbeid

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det:

**Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke**

- *Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.*
- *Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.*
- *Arealforvaltinga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.*
- *Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest-Telemark*

**Ein enkel analyse av sterke og svake sider er tatt frå kommunedelplanen for næring, landbruk og busetjing i 2015, men noko revidert for 2016.**

### **Sterke sider**

- Kultur for – og stoltheit av - å vere utradisjonell, handlekraftig og fleksibel
- Gode oppvekstvilkår
- God kulturskule/godt idrettsmiljø
- Flott natur/toppturar/etablert vandremiljø
- Eitt naturleg sentrum
- Lokalpatriotisme
- Godt helsetilbod/god eldreomsorg
- Aktivt landbruksmiljø
- Sentrumsnære, attraktive bustadomter og leilegheiter
- Tilrettelagte næringstromter
- Telemark Kildevann as - nykelbedrift
- Drift på Fyresdal kurs og leirsted A/S
- Aktivt handelsmiljø
- Kultur for å skape arrangement

### **Svake sider**

- Lågt folketal
- Stor avstand til by- og regionsenter
- Stor avstand til nabokommunesenter og alternativ arbeidsmarknad
- Geografisk størrelse – lang gjennomgangsveg
- Dårleg vegstandard sørover frå kommunesenter og på sidevegar
- Lite breidde i næringslivet
- Svak økonomi/investeringsvilje/-evne i næring
- Liten utviklings- og gründerkultur
- Lite tilgang på investeringskapital
- Generelt lågt utdanningsnivå
- Manglar turistmagnet

### **Moglegheiter**

- God bukvalitet
- Store utmarksressursar
- Flyplass som arrangementsplass
- Pinsevennene og Fyresdal kurs- og leirsted
- Naturopplevelingar
- Folkestadbyen – attraktivt og variert handle- og besøkssenter
- Naturopplevelingar i Bryggeparken / Våmur
- Kompetansemiljø – spesielt innan naturforvaltning
- Styrke omdømmebygginga (utradisjonell, handlekraftig og fleksibel)
- Utvikling av Fyresdal Næringshage – fjernarbeidsplassar og kompetansemiljø
- Styrka utviklingskompetanse ved kommunesamanslåing / interkommunalt samarbeid

### **Trugsmål**

- Sentralisering av arbeidsplassar/tenester
- Betydeleg folketalsnedgang / utflytting
- Stort fødselsunderskot
- Nedlegging/flytting av hjørnesteinbedrifter
- Svekka kommuneøkonomi
- Svekka attraktivitet/omdømme (neg. omtale)
- Svekka interkommunalt samarbeid
- Endra kommunestruktur (evt. samanslåing)
- Endra rikspolitiske rammer
- Innkjøpsordningar som hindrar lokal handel
- Kommunesamanslåing – utkantprofil og fare for demokratisk underskot

## **Kommunal planstrategi og tilhøvet til kommunereformen**

Kommunereformen vart satt i gang i 2014 og hadde som mål å gi større og mer "robuste" kommuner. Det er i Fyresdal ikkje gjort noko vedtak om samanslåing og det er då ikkje drøfta nokon felles planstrategi eller samarbeid om dette.

## **Kommuneplanen**

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken 27.11.2014, det ikkje kome inn signal som tilseier større endringar, ein ser då ikkje trong for noko revidering av denne i planperioden. Når det gjeld samfunnsdelen av kommuneplanen kan det være trong for revidering.

## **Omstillingsskommune**

Kommunen har mista, eller er i ferd med å miste fleire arbeidsplassar, det kan dreie seg om opptil 40 plassar. Dette vil tilsvare 8.8% av sysselsette i Fyresdal og for t.d. Oslo ville det tilsvare 19500 tapte arbeidsplassar. Det kan då vere aktuelt å søkje om status som omstillingsskommune frå 2017.

## **Konsesjonskraftordninga**

Regjeringa har i energimeldinga framlegg om å oppnemne ei ekspertgruppe som skal sjå på omlegging av ordningane med konsesjonskraft og avgift for vannkraft. Formålet er å oppnå ein effektiv og samfunnsmessig rasjonell utnyttelse av vasskraftressursane på ein betre måte. Dette vert av mange forstått som eit ynskje om å avvikle konsesjonskraftordninga. Dette kan ha stor negativ verknad på kommuneøkonomien i Fyresdal.

## **Heim til Fyresdal**

I samband med dette prosjektet er det laga ein mulighetstudie for fortetting av Folkestadbyen. Formålet er å skape attraktive bumiljø i sentrum av Fyresdal. Her kan og menes Hamaren-prosjektet.

## **3.5 Infrastruktur**

Samfunnsdelen seier at vi skal:

*-Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest Telemark*

Det er manglende vedlikehald og investering på vegsektoren i Vest-Telemark. Gjennom Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemark rådet er det eit prosjekt for å betre fylkesvegane og Rv41. Samstundes vert det her og jobba med breiband og mobilnett i Vest-Telemark.

## **3.6 Levekår og folketalsutvikling**

Antall innbyggjarar er 1335 i 2012 i følgje Statistisk sentralbyrå. Det har vore ein reduksjon i befolkninga i seinare tid.

Folkehelseprofilen for 2012 syner at prosentdelen av eldre over 80 år er høgare enn landsgjennomsnittet og prosentdelen av uføretrygda under 45 år er høgare enn elles i landet. Prosentdelen personar i hushald med låg inntekt er høgare enn elles i landet. Ungdom trivs dårligare på skulen enn det som er vanleg elles i landet.

Samhandlingsreforma blei innført 01.01.2012. I tråd med denne vil kommunen få eit større ansvar for helsetenestene.

Det vil bli utfordrande å halde på og vidareutvikle nødvendig kompetanse for å yte tenester av god fagleg kvalitet.

### **3.7 Folkehelse**

Folkehelseprofilen for Fyresdal i 2016 syner mellom anna korleis kommunen ligg ann samanlikna med fylket og heile landet. Kommunen skil seg ikkje spesielt ut på dei fleste områdane, men forventa levealder for kvinner er signifikant lågare enn landsnivået. I Fyresdal er den 79 år, medan fylket har 82,3 år og landsgjennomsnittet for Noreg er 82,8 år. Ein har ikkje nokon spesiell forklaring på dette, men det er en liten kommune og då kan ein få utslag frå eit år til eit anna.

På dei andre parametra er det ikkje så store avvik frå gjennomsnittet for fylket og landet.

Det er laga strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeid og det er teikna samarbeidsavtale med Telemark Fylkeskommune. Det er der eit mål at Fyresdal skal vere blandt dei fremste i landet når det gjeld folkehelse. Fokuset skal vere på barn og unge. Vi skal vere så gode og nytenkande på dete området at barnefamiliar ynskjer seg til Fyresdal. Tiltaksplanen skal rullerast kvart andre år.

### **3.8 Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik og beredskap har fått auka merksemd i det siste. Bakgrunnen er at ein har fått auka bevisstgjering av kva både naturgitte og menneskeskapte hendingar har å seie for dette. Det er tale om registrerte og framskrivne klimaendringar, samt auka terrorfare. Kommunen har gjennomført overordna ROS-analyse og har utarbeidd ulike beredskapsplanar. Framover skal alle planprosessar som endrar arealbruken avklare verknadane for samfunnstryggleiken. Det er fleire nettportalar som kan nyttast i denne samanhengen, m.a NVE og NGU. Det kan nok vere noko grovmaska og gjere det naudsynt å få nærmere kunnskap ved å nytte ekspertise innan desse fagfelta.

### **3.9 Landbruk**

Det er sendt ut nye og sterkare føringer frå landbruksministeren når det gjeld å ta vare på viktige jordbruksareal. Dette må følgjast opp i den vidare arealplanlegginga i kommunen på eit heilskapleg vis. Det er også ein del attgroing på grunn av redusert beitebruk. Dett er noko som ikkje berre kan løysast lokalt, men som bør takast fatt i den nasjonale landbrukspolitikken.

### **3.9 Klimatilpassing**

Kommunen har laga klima og energiplan i 2011. Fylkesmannen rår til at denne no bør reviderast på bakgrunn av Noregs forpliktingar til reduksjon av klimagassutslepp. Dette kan alternativt integrerast i kommuneplanen sin samfunnsdel.

## **4. Gjeldande planar og planbehovet dei neste fire åra**

Tabellen under gir ei oversikt over gjeldande planar og planar under arbeid. Det er gjort ei avgrensing til **kommuneplan, kommunedelplanar og temoplanar/sektorplanar**.

Private reguleringsplanar er ikkje tekne med i oversikta, men går fram av arealdelen av kommuneplanen. Likeeins er planar av typen verksemdsplanar og årsplanar haldne utanfor då desse i første rekke er interne styringsdokument for einingane.

Kommuneplanen sin samfunnsdel- langsiktig del, legg føringer for all vidare planlegging og gjennomføring av tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen bygger på denne.

Kommunedelplanar er planar som er formalisert gjennom sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova. Tema- eller sektorplan blir nytta om planar som tek for seg særskilte tema, men utan ei saksgang som over.

Økonomiplanen, inkludert budsjett, er ein del av kommuneplanen sitt handlingsprogram saman med årsbudsjett. Det er her mål og strategiar vert konkretisert.

<b>4.1 Vedtekne planar</b>	
<b>PLANAR</b>	<b>VEDTEKEN</b>
Kommuneplanen for Fyresdal 2014-2026	Kommunestyret, sak 91/14, 27.11.2014
Kommunedelplan for Fyresdal sentrum	Kommunestyret, sak 22/06, 22.06.2006
Kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing	Kommunestyret, sak 41/04, 23.09.2004
Samfunnssdelen i kommuneplanen	Kommunestyret, sak 105/15,
Kommunedelplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2015-2022	Kommunestyret, sak 19/15, 26.03.2015
Handlingsplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv	Kommunestyret, sak 93/12, 29.11.2012
Klima- og energiplan	Kommunestyret, sak 012/11, 17.02.2011
Plan for beredskap og kriseleiing	Kommunestyret, sak 036/08, 22.05.2008
Trafikksikringsplan	Kommunestyret, sak 062/09, 26.11.2009
Handlingsplan for psykisk helse og eit betre liv	Kommunestyret, sak 099/11, 15.12.2011
Bustadpolitisk handlingsplan	Kommunestyret, sak 048/10, 28.10.2010
Økonomiplanen	Kommunestyret, sak, 102/11, 15.12.2011
Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan	Kommunestyret, 18.06.2009
Strategi og tiltaksplan for folkehelsearbeid 2014-2017	Kommunestyret, 18.09.2014
Beredskapsplan for kriseleiinga	Rullert 28.04.2016
Pandemiplan	Rullert 28.04.2016
Beredskapsplan skule og barnehage	Rullert 28.04.2016
Delplan for atomberedskap	Rullert 28.04.2016
EPS- Evakuerte – og pårørandesenter	Rullert 28.04.2016
Smittevernplan	Rullert 28.04.2016
Beredsplan for fellestestenesta og sentralbordet	Rullert 28.04.2016
<b>PLANAR UNDER ARBEID/REVISJON</b>	<b>FRAMDRIFT</b>
Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan	Under arbeid

## ***Planbehov***

Tilbakemelding frå dei ulike einingane i kommune syner at det ikkje er store behov for nye planar i planperioden. Det er tale om sluttføring av det som er i gang. Der ein ser eit behov vil være revidering av samfunnssdelen i kommuneplanen.

Kommunen har fokus på samfunnstryggleik og beredskap samt klimatilpassing. Det er rulling av overordna beredskapsplan kvart år og ein vil legge til grunn nye klimaprognosar for Telemark i dette arbeidet.

Det er og fokus på planar som er viktige lokalt

